



Fylkestannlegen i Vestland fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 20/3387 - 22/24634

Saksbehandlar:  
Arthur Kleiveland  
arthur.kleiveland@alver.kommune.no

Dato:  
25.03.2022

## **Tannhelsetenesta på Lindås - innspel frå Eldrerådet i Alver kommune**

Eldrerådet i Alver kommune har i møte 21.mars drøfta situasjonen for tannhelsetenesta på Lindås (Lindås nærssenter), på bakgrunn av eit skriftleg innspel frå Lindås pensjonistlag til leiaren i eldrerådet.

Eit samla eldreråd støttar budskapet i brevet frå Lindås pensjonistlag. Eldrerådet er uroleg for utviklinga i tannhelsetenesta. Rådet vil peika på at Lindås senter er eit prioritert nærssenter i Alver kommune og bør ha tenester som samsvarar med dette.

Lindås pensjonistlag peikar i brevet på at heller ikkje dei prioriterte gruppene får den tannhelsebehandlinga dei har krav på i dag, og ser det som alvorleg.

Eldrerådet i Alver vil understreka at ei god tannhelse aukar livskvaliteten for alle. Eldrerådet ser det som sjølvsgt at tannhelsetenesta har tidsriktige lokalitetar og har personale til å betjena befolkninga lokalt.

Med helsing  
Eldrerådet i Alver kommune  
v/Olav M. Steinsland – leiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Leiar i utval for helse og omsorg i  
Alver kommune - Ståle J. Hauge  
Lindås pensjonistlag v/Helge  
Fjellanger - leiar

**Mottakarar:**

Fylkestannlegen i Vestland  
fylkeskommune

Postboks 7900 5020

BERGEN